

REGION
NORDHORDLAND

INTERKOMMUNAL NÆRINGS- OG SAMFUNNSPLAN REGION NORDHORDLAND

2016 - 2025

HØYRINGSUTKAST 30. NOVEMBER 2015



Forord

Vert utarbeida til den fedige planen

UTKAST

INNHALD

BAKGRUNN OG FØREMÅL	4
KVEN ER PLANEN FOR?	5
ORGANISERING OG PLANPROSESS	6
FORHOLDET TIL ANDRE PLANAR	7
NORDHORDLAND SINE FORTRINN	8
SAMANDRAG AV FAKTAGRUNNLAG	9
MÅL OG FOKUSOMRÅDE	10
1. NÆRINGS LIV	11
2. INNOVASJON OG GRÜNDERSKAP	12
3. BUMILJØ OG TETTSTADUTVIKLING	13
4. INFRASTRUKTUR	14
5 OMDØMME	15
VEGEN VIDARE	16
GJENNOMFØRING AV HANDLINGSPLANEN	16

BAKGRUNN OG FØREMÅL

Regionrådet i Nordhordland gjorde 25.01.13 vedtak om å starte opp arbeidet med ein interkommunal nærings- og samfunnsplan for Region Nordhordland.


Føremålet med nærings- og samfunnsplanen er å førebu Region Nordhordland på auka vekst i folketal og framtidige endringar i næringslivet.

Gjennom planarbeidet søker ein å finne mål og strategiar for korleis Nordhordland kan nytte nærleiken til Bergen som eit fortrinn og samstundes ha ein klar identitet som sjølvstendig region. Planen inneber ei regional konkretisering av aktuelle tiltak i Strategisk næringsplan for Bergensregionen.

Region Nordhordland kan velje ulike tilnærmingar og roller for å møte framtidig nærings- og samfunnsutvikling i regionen. I planprosessen har det komme klart og tydeleg fram at regionen ønskjer å ta ei nyskapparolle og legge til rette for ei heilskapleg utvikling i Nordhordland. Med utgangspunkt i eiga vekstkraft er det mange moglegheiter til å bygge kvalitet, og å skape ein attraktiv region både som bustad og arbeidsplass.

Nordhordland har, gjennom si geografiske plassering, dei regionale utviklingstrekk på si side. Veksten i folketal er sentral her. Uavhengig av lokale val, kan det leggjast til grunn at den store flyttestraumen til Bergensregionen vil auke på i åra som kjem. I denne situasjonen ligg det til rette for å ta regionale grep om utviklinga.

Figuren under illustrerer kva val ein region har i ein situasjon med svak og sterk draghjelp frå regionale utviklingstrekk. I Nordhordland er vekstkrafta sterk, og regionen kan velje mellom å vere ein sterk utviklingsaktør og ta ei nyskapparolle, eller å halde seg til rolla som tilretteleggjar og dermed ikkje ta ut heile utviklingspotensialet.




Figur 1. Regionale utviklingstrekk og roller som utviklingsaktør. I den regionale utviklinga har Nordhordland sterk draghjelp frå regionale utviklingstrekk, og kan velje kor mykje dei vil legge i si rolle som utviklingsaktør.

KVEN ER PLANEN FOR?

Nærings- og samfunnsplanen er ein plan for kommunane i Nordhordland og for Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI). Det finst også andre utviklingsaktørar i regionen som kan ønskje å ta planen i bruk. Mål, strategiar og handlingspunkt skal leggjast til grunn for kommunane sitt arbeid. I tillegg til lovpålagte oppgåver og tenesteproduksjon, har kommunane ei rolle som utviklingsaktør i regionen. Gjennom denne planen får kommunane og NUI mål og strategiar for korleis dei skal fylle denne rolla.

Mange samfunnsoppgåver vert løyst i eit samspel mellom kommunane og næringslivet. I blant kan avstanden vere stor mellom næringslivet sine behov og forventingar til kommunane, og kommunane si evne til å levere tenester. Samarbeid mellom næringsliv og kommunar er nødvendig for å skape ein godt fungerande region. Sjølv om ikkje kommunane kan legge planar for næringslivet sine prioriteringar, peiker planen på handlingsrommet som fins i samspelet mellom offentleg og privat sektor.



Figur 2. Samarbeid mellom kommunane og næringslivet er nødvendig for å skape ein godt fungerande region.

ORGANISERING OG PLANPROSESS

Planarbeidet er organisert slik:

Prosjekteigar: Regionrådet Nordhordland. Utførar Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI).

Arbeidsgruppe: Representant frå NUI og representantar frå to kommunar.

Styringsgruppe: Tre ordførarar, ein rådmann, ein representant frå Business Region Bergen og to representantar frå næringsorganisasjonar.

Planen skal vedtakast av Regionrådet og kommunestyra i dei ni kommunane.

Kick-off samling

I startfasen av arbeidet arrangerte Nordhordland utviklingsselskap ei større kick-off samling, der representantar frå kommuneadministrasjon, politikarar og næringslivet var samla for å få fram felles utfordringar og sjå på korleis ein ynskjer å løyse dei. Resultata frå samlinga er nytta som grunnlag for planarbeidet.

Arbeidsmøte med Regionrådet i Nordhordland

Som ein del av arbeidet med handlingsplanen, hadde Regionrådet eit arbeidsmøte der dei jobba med forslag til tiltak og prioriteringar av desse.

Intern høyring

Forslag til plan vart sendt ut til kommunane for ei intern høyring, for å sikre eigarskap og forankring av planarbeidet. Planforslaget vart presentert i fleire av formannskapa og det kom uttale frå kommunane Austrheim, Lindås, Meland, Masfjorden og Radøy.

Offentleg høyring

Planen vert sendt på offentleg høyring. Etter dette vil innkomne merknader til planen vurderast og planen gjerast klar for endeleg vedtak i Regionrådet og kommunestyra.



Figur 3. Politikarar, kommunetilsette og representantar frå næringslivet drøftar framtidig utvikling i Nordhordland. Frå gruppearbeidet på kick-off samlinga i november 2014.

FORHOLDET TIL ANDRE PLANAR



Business Region Bergen (BRB) har utarbeidd **Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015-2020**. Nordhordland utviklingselskap (NUI) er medlem i BRB, og denne planen er såleis retningsgjevande for NUI sitt arbeid. Planen er eigarkommunane i BRB sitt felles strategiske verktøy som skal sikre at alle kommunane har felles mål og strategiar for næringsutviklingsarbeidet. Nærings- og samfunnsplanen for Region Nordhordland er ei konkretisering av BRB sin plan når det gjeld Nordhordland.

Hordaland fylkeskommune har utarbeidd ein **regional næringsplan for Hordaland 2013-2017**. Denne er retningsgjevande for arbeidet med nærings- og samfunnsplanen for Region Nordhordland. Dei viktigaste føringane frå denne planen er dei tre hovudstrategiane:

- Meir entreprenørskap
- Fleire med relevant kompetanse
- Ein velfungerande Bergensregion med attraktive regionale senter

Handlingsprogram for næringsutvikling (HNN) er handlingsplanen for den regionale næringsplanen.



Strategisk næringsplan for Austrheim og Lindås 2011-2020 er felles for desse to kommunane. Problemstillingar knytt til Mongstadområdet vert handsama i denne planen, og dette har difor mindre fokus i den interkommunale nærings- og samfunnsplanen. Måla for planen er:

- Mongstad skal vidareutviklast som eit internasjonalt leiande industri- og kompetansecluster innan petroleum, energi og industri.
- Nordhordland og Bergensregionen skal verta eit internasjonalt kompetansesenter innan reinseteknologi for CO2 og annan miljøteknologi.
- Nordhordland skal styrkast og synleggjerast som eit leiande logistikknutepunkt i Europa.
- Nordhordland skal verta ein attraktiv og føretrakt region for busetting og oppleving.
- Lindås og Austrheim skal vere blant landets fremste næringskommunar.



Kommuneplanen sin samfunnsdel og kommunale næringsplanar

Alle kommunane har samfunnsdelen til kommuneplanen, og nokre kommunar har eigne delplanar for næringsutvikling, til dømes Strategisk næringsplan for Masfjorden 2012-2016. Dei kommunale planane har til dels overlappende tema med nærings- og samfunnsplanen for regionen. Den interkommunale planen vil bidra til å binde regionen saman i nærings- og samfunnsutviklingsarbeidet. Intensjonen er at mål og strategiar i nærings- og samfunnsplanen kan implementerast i rulleringa av den enkelte kommune sin planstrategi og samfunnsdel av kommuneplanen, og i eventuelle kommunale næringsplanar.

Andre regionale planar og dokument

Fylkeskommune har utarbeidd fleire regionale planar med grensesnitt til nærings- og samfunnsplan for regionen.

Vedtekne regionale planar og dokument:

- Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026
- Regional transportplan 2013-2024
- Regionalt bygdeutviklingsprogram Hordaland, Fylkesmannen i Hordaland, 2013-2017
- Regional klimaplan 2014-2030

Regionale planar under arbeid:

- Regional areal og transportplan for Bergensområdet (planen er på høyring til 01.10.15).
- Planprogram for regional transport, Hordaland (planen er på høyring til 27.11.15)
- Regional plan for kompetanse og arbeidskraft (planprogrammet var på høyring til 10.08.15)

NORDHORDLAND SINE FORTRINN

STERK INDUSTRI

Mongstad er den sterkaste motoren i industrien i Nordhordland, og mange arbeidsplassar er knytt opp til olje- og gassnæringa i dette området.

GODT TILBOD FOR VIDAREGÅANDE OPPLÆRING

Knarvik vidaregåande skule er ein av dei største vidaregåande skulane i Hordaland og har eit breitt tilbod av program. Skulen har eit etablert samarbeid med verksemder i regionen, og var pionerskule på TAF-ordninga (tekniske og allmenne fag). Knarvik saman med Austrheim og Osterøy vidaregåande skular representerer eit solid tilbod om vidaregåande opplæring i regionen.

GRÜNDERKULTUR

Nordhordland har vore ein region med færre etableringar enn fleire av dei andre regionane i Hordaland. Dette er no i ferd med å endre seg. Meland kommune var i 2014 best i landet på etablering. Industriutvikling Vest har etablert eit kontorfellesskap for gründerar i Knarvik, der åtte gründerverksemder held til (per jan. 2015). Nordhordland Næringshage jobbar særskilt med etableringar innan kunst, kultur og reiseliv, og har 16 målbedrifter. Gulen og Masfjorden Næringshage vart etablert i 2013 og har fokus på industriutvikling i dei to kommunane.

BUMILJØ OG GODE TENESTER

I Nordhordland kan du velje å bu tett og triveleg i dei nye bustadområda med kort veg til skular, servicetilbod og arbeidsmarknad. Eller du kan bu på landet på småbruk eller i ein bustad, framleis med relativt korte avstandar til det du treng.

NÆRLEIK TIL NATUREN

I Nordhordland er det, same kvar du er, kort veg til naturen. Sjøen er eit fortrinn som mange nyttar seg av både til båtturar, padling, bading og fiske. Det er alltid kort veg til næraste topp med utsyn til havet og til fjella lenger inne i landet. Kulturlandskapet i Nordhordland er unikt med steinbygningar, steingardar, lynghei og beitemark og mange stader er det lagt til rette for turløyper i dette landskapet.

SAMANDRAG AV FAKTAGRUNNLAG

Folketalet i Nordhordland har hatt ei radikal utvikling dei siste 25 åra. Fleire av kommunane har hatt rask vekst, og er mellom dei raskast veksande kommunane i landet. I 2014 var det 43 000 innbyggjarar i Nordhordland. Den raske veksten vil venteleg halde fram i åra som kjem. Framskrivning av utviklinga viser at folketalet i Nordhordland vil vere om lag 60 000 innbyggjarar i 2040. Den sterkaste drivkrafta for folketalsveksten er innflytting, fleire av kommunane har dessutan ei ung befolkning og høge fødselstal.

Sekundærnæringa er den største næringa i Nordhordland. Denne kategorien næring omfattar industri, bergverk, kraft- og vassforsyning, samt bygge- og anleggsverksemd. Petroleumsrelatert industri på Mongstad og i Sløvåg er den sterkaste motoren i industrien i Nordhordland. Det er ei rekke små- og mellomstore verksemdar som ikkje er knytt til aktiviteten i oljenæringa. Framo AS er ei hjørnesteinsbedrift i regionen og er ei verksemd som ikkje er så avhengig av petroleumsindustrien som tilfellet er på Mongstad. Osterøy er døme på ein kommune som har hatt eit mangfald av små og mellomstore bedrifter, og som framleis har dette.

Utdanningsnivået er lågare i Nordhordland enn i Bergen og i landet elles. Dette kan vere i ferd med å endre seg. Dei fleste kommunane i Nordhordland har dei siste åra hatt raskare vekst i andelen med lang utdanning enn Bergen og heile landet.

Ein stor del av innbyggjarane i Nordhordland pendlar til jobbar i Bergen, det er også ein god del intern pendling i regionen, og innpendling frå Bergen og andre kommunar. Regionen har dermed ein godt integrert arbeidsmarknad både internt og mot Bergen. Dei fleste som reiser på jobb i Bergen køyrer bil, men kollektivandelen for reiser til Bergenhus bydel er heller høg, heile 32 prosent.

Nordhordland har en høg andel einebustader, men dette er i ferd med å endre seg. Behovet for nye bustader er størst for aleinebuande og par utan barn, og andelen av leilegheiter og mindre husvære er aukande.

Knarvik er den største tettstaden i regionen og har status som regionsenter for Nordhordland. Knarvik har utvikla seg som stad i løpet av dei siste 40 åra. Vidare utvikling av Knarvik til ein moderne by står på agendaen, mellom anna gjennom områdeplanen for Knarvik som er under arbeid. På Flatøy er det planar om å skape ein kystby, og utvikling langs aksen Frekhaug – Knarvik – Alversund er sentralt.

Det er i gang fleire planprosessar og prosjekt med relevans for nærings- og samfunnsplanen for Region Nordhordland. Kommunereforma, Helsehus Knarvik og Biosfæreprosjektet er viktige prosjekt som Regionrådet ved Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) jobbar med. Business Region Bergen arbeider med revidering av Strategisk næringsplan for Bergensregionen, og Hordaland fylkeskommune har fleire regionale planar med grensesnitt til tematikken i denne planen.

MÅL OG FOKUSOMRÅDE

Nærings- og samfunnsplanen har fokus på Nordhordland både som arbeidsplass og som bustad. Hovudmålet i planen har difor med seg begge desse dimensjonane i målformuleringa.

HOVUDMÅL

NORDHORDLAND SKAL VERE EIN REGION DER KOMMUNANE LEGG TIL RETTE FOR EIT STERKT NÆRINGS LIV OG ATTRAKTIVE BUMILJØ

FOKUSOMRÅDE OG DELMÅL

Gjennom fem fokusområde er hovudmålet konkretisert. Det er knytt mål og strategiar til kvart av dei fem fokusområda.

Fokusområde	Delmål
1. Næringsliv	Næringslivet i Nordhordland skal vere nyskapande og robust
2. Innovasjon og gründerskap	Nordhordland skal ha eit innovativt miljø der det er lett å etablere seg
3. Bumiljø og tettstadutvikling	Nordhordland skal ha attraktive og varierte bumiljø. Knarvik skal vere eit sterkt regionsenter. Aksen Frekhaug-Knarvik-Alversund skal utviklast med urbane kvalitetar.
4. Infrastruktur	Nordhordland skal ha tenleg infrastruktur som grunnlag for vidare utvikling
5. Omdømme	Nordhordland skal synleggjere at det er godt å bu, arbeide og drive verksemd i regionen.

1. NÆRINGS LIV

Den pågåande veksten i folketal tilseier at regionen vil trenge mange nye arbeidsplassar. Mongstad har vore den sterkaste motoren i næringslivet i Nordhordland dei siste tiåra, og vil halde fram med det i tida som kjem, samstundes er det uvisse knytt til framtidig utvikling i olje- og gassnæringa. Kompetansen og teknologien som er på Mongstad kan vere utgangspunkt for å skape noko nytt. Sør i regionen har vi Framo AS som er den viktigaste aktøren for ei sterk næring i denne delen av Nordhordland. Region Nordhordland vil bruke erfaringane frå dei gode tidene til å møte nye utfordringar.

Region Nordhordland er mangfaldig og har gode naturgitte høve for å skape gode vekstbedrifter knytt opp mot reiseliv, landbruk og produksjon av lokalmat. "Smaken av Nordhordland" er eit prosjekt som vil skape ei klynge av lokalmat-produsentar som saman kan marknadsføre seg og skape ein større marknad og identitet kring mat frå Nordhordland. Dersom Nordhordland vert det første biosfæreområdet i Norge, vil det gje internasjonal merksemd, og det kan opne seg moglegheiter innafor reiseliv og anna næringsutvikling.

Nærleik til marknaden og kompetansemiljø i Bergen er eit fortrinn som mange verksemdar kan nytte. Nordhordland er del av ein godt integrert bu- og arbeidsmarknad i Bergensregionen, og tilgangen på kompetent arbeidskraft er dermed relativt god. I denne situasjonen vil Nordhordland satse vidare på sine sterke næringar, og samstundes utvikle nye bein å stå på, for slik å vere mindre sårbar for endringar.

Mål:

Næringslivet i Nordhordland skal vere nyskapande og robust

Strategiar for å nå målet:

- Styrke interkommunalt næringsutviklingsarbeid
- Legge til rette for mangfald i næringslivet
- Styrke eksisterande klynger
- Tilgjengeleg næringsareal til å ta imot både kunnskapsintensive og arealkrevjande verksemdar
- Godt samarbeid mellom næringsliv, kommunar og utdanningsinstitusjonar
- Auke plan- og byggesakskapasiteten/ -kvaliteten
- Framheve reiseliv, natur- og kulturbaserte næringar
- Leverandørutvikling for å auke konkurransekrafta til lokale verksemdar

Tabell 1. Næringsliv - handlingsplan 2016-2017

	Tiltak	Ansvar	Samarbeidspartar
1.1	Samle og styrke dei kommunale næringsressursane til Nordhordland utviklingsselskap	Kommunane, Regionrådet	NUI, HFK, NHIL, BRB, fagmiljø
1.2	Utarbeide interkommunal næringsarealplan	Regionrådet, kommunane	BRB, HFK, FM, kommunale planavd. NHIL
1.3	Styrke felles næringsfond	NUI	HFK, IN, stiftingar, kommunar, BRB
1.4	Støtte utviklingsprosjekt i landbruket	Landbrukskontora	Landbruksorganisasjonar, FM, BRB, NUI, HFK
1.5	Styrke arbeidet i Nordhordland digitalt for eit samordna tenestetilbod knytt til plan- og søknadsprosessar	Kommunane	NH digitalt, FM, BRB
1.6	Tilpasse ressursar, rutinar og arbeidsmetodar for å møte krava til kommunal plan- og byggesaksbehandling	Kommunane	NH digitalt, NUI, næringslivet, BRB
1.7	Forsterke det interkommunale tverrsektorielle nettverket på plan og næring. Etablere faste møtepunkt.	Plan- og næringsansvarlege i kommunane	NUI
1.8	Arrangere faste møtepunkt mellom plan/næring i kommunane og utviklingsaktørane i regionen	Plan- og næringsansvarlege i kommunane	NUI, utviklingsaktørane, BRB

2. INNOVASJON OG GRÜNDERSKAP

Nordhordland har færre etableringar enn til dømes Bergensregionen. Årsaka til dette kan vere låg arbeidsløyse og stabile, høge lønningar i industrien. Åra som kjem vil krevje omstilling, både i eksisterande verksemder og i etableringa av nye. Det er nødvendig å stimulere til eit innovativt miljø i heile regionen i alle ledd frå utdanning til etablerte verksemder. Regionen arbeider målretta med å legge til rette for innovasjon og gründerskap gjennom fleire etablerte aktørar og tiltak. Gründerinkubatoren i Knarvik er eit døme på ønska utvikling.

Kommunane ønskjer å verte meir innovative i si verksemd. Dette gjeld for måten kommunen løyser sine daglege oppgåver, og for korleis kommunane vil utvikle seg vidare. Kommunane vil auke sin utviklingskompetanse for å stå godt rusta til å møte nye utfordringar. Helse er døme på ein sektor der kommunane vil satse i samarbeid med etablerte fagmiljø. Region Nordhordland Helsehus er under planlegging i Knarvik, og helsehuset kan verte ein arena for å utvikle nye tilbod og tenester.

Mål:

Nordhordland skal ha eit innovativt miljø der det er lett å etablere seg

Strategiar for å nå målet:

- Stimulere til utvikling av gründerar gjennom utdanning
- Styrke samarbeidet mellom kommunar, næringsliv og forskingsmiljø
- Satse på nettverk mellom små næringsmiljø for å få fleire til å delta i innovative prosessar
- Samordne og spisse rettleiinga for etablerarar
- Auke innovasjonskompetansen i kommunal tenesteproduksjon
- Stimulere til meir teknologi- og produktutvikling hos eksisterande bedrifter
- Delta i internasjonale nettverk og prosjekt

Tabell 2. Innovasjon og gründerskap - handlingsplan 2016-2017

Tiltak	Ansvar	Samarbeidspartar
2.1 Arrangere forretningsidé-konkurranse	NUI	Team Nordhordland, Sponsorar, utviklingsaktørane, IN, HFK
2.2 Forsterke møteplassane for gründerar	Næringshagar	Sponsorar, utviklingsaktørane, IN, HFK
2.3 Profilering av gründerar i regionen	NUI	Gründerar, næringsliv, BRB
2.4 Skape innovative kommunar innan velferdsteknologi	Lindås	Kommunane, forskingsmiljø, BRB
2.5 Arbeide for etablering av mentorordning	Næringshagane	NUI
2.6 Samordning av rettleiarapparatet i Nordhordland	NUI	Team Nordhordland Kommunane, utviklingsaktørane, FM, HFK, IN

3. BUMILJØ OG TETTSTADUTVIKLING

Tilflyttinga til Nordhordland er aukande, og dette viser at det er attraktivt å busetje seg i regionen. Korte avstandar til arbeidsmarknaden i Bergen og Mongstad er ein premis for busetjing, og er ei vesentleg årsak til at stadig fleire flyttar til Nordhordland. Tilgang til sjø og natur er fortrinn som regionen vil sikre og framheve. Den regionale identiteten skal verte sterkare og tydelegare. Nordhordland vil noko meir enn å berre legge til rette for stadig fleire innbyggjarar. Regionen vil skape gode oppvekstmiljø, med gode skular og barnehagar, trygge vegar, tilgjengelege rekreasjonsområde og aktive lokalsamfunn.

Gode tettstader skaper attraksjonskraft. Region Nordhordland samlar seg om regionsenteret Knarvik og aksa Alversund-Knarvik-Frekhaug, som skal utviklast vidare med urbane kvalitetar. Det skal vere tilbod om både arbeidsplassar og bustader i og nær sentrum. Dei andre tettstadane i regionen er av stor lokal betyding, både som møteplassar og gjennom sitt servicetilbod. Kvalitet i tettstadutvikling har verknad langt utover det lokale perspektivet, og styrkar heile regionen sin identitet. Både dagens og framtidige innbyggjarar skal føle tilhørslse til tettstadane sine og dermed regionen sin.

Mål:

Nordhordland skal ha attraktive og varierte bumiljø. Knarvik skal vere eit sterkt regionsenter. Aksa Frekhaug-Knarvik-Alversund skal utviklast med urbane kvalitetar.

Strategiar for å nå målet:

- Legge til rette for variasjon i bustadtypar og busettingsmønster
- Få fram urbane kvalitetar i og nær regionsenteret
- Legge til rette for variert bustad- og servicetilbod rundt eksisterande lokalsentra

Tabell 3. Bumiljø og tettstadutvikling - handlingsplan 2016-2017

Tiltak	Ansvar	Samarbeidspartar
3.1 Sikre og utvikle rekreasjonsområde nær tettstadane	Kommunane gjennom kommunal planlegging	Innbyggjarar, lag og organisasjonar, HFK, BOF
3.2 Tilretteleggje for friluftslivsbruk av sjøområda	Kommunane	Innbyggjarar, lag og organisasjonar, HFK, BOF
3.3 Legge til rette for å oppretthalde busetnad i bygdene	Kommunane	FM, HFK, SVV
3.4 Samla innspel til regionale planar	Kommunane, Regionrådet	HFK, SVV
3.5 Stimulere til samarbeid mellom aktørane i tettstadane	Kommunane	Næringsdrivande, grunneigarar

4. INFRASTRUKTUR

God infrastruktur er føresetnad for bukvalitet og næringsutvikling. Mange arbeidstakarar pendlar til og frå Nordhordland, godt kollektivtilbod er sentralt for effektiv reising og redusert biltrafikk. Næringslivet treng eit godt vegnett, og regionen vil satse på å forsterke eksisterande trafikkarer for å skape attraktiv lokalisering av verksemdar. Nordhordlandspakken omfattar tiltak til 1,3 milliardar kroner til veg og kollektivtrafikk i regionen.

Erfaring viser at regionar som står saman får til meir. Mange vegprosjekt er ønska i Nordhordland; Nyborgtunnelen og Ringveg Øst er av dei mest sentrale for regionen dei næraste åra. For å oppnå resultat vil regionen stå samla i arbeidet med å få på plass investering og realisering av aktuelle prosjekt.

Utvikling av bustadområde og infrastruktur skjer i samhandling med ei rekke styresmakter, og kommunane samarbeider mellom anna med fylkeskommunen, vegvesenet og Fylkesmannen for å få gode løysingar. I blant kan krava frå regionale styresmakter kjennest urimelege for kommunane, i somme kommunar har dette vorte til ei sentral utfordring i utviklinga av nye område. Regionen vil gjennom godt samarbeid arbeide for at krav til infrastruktur i samband med nye utbyggingsområde står i forhold til reelle behov.

Mål:

Nordhordland skal ha tenleg infrastruktur som grunnlag for vidare utvikling.

Strategiar for å nå målet:

- Samla framlegg om regionale utviklingsbehov til regionale planar og utgreiingar
- Prioritere ny utvikling langs etablerte infrastrukturårer
- Arbeide for god og trygg infrastruktur for gåande og syklende
- Samla innsats for betre kollektivtilbod, både på sjø, bane og veg
- Arbeide for å styrke mobil- og breibanddekninga i regionen
- Effektiv transport til og frå regionsenteret

Tabell 4. Infrastruktur - handlingsplan 2016-2017

Tiltak	Ansvar	Samarbeidspartar
4.1 Samla framlegg til nasjonal transportplan	Kommunane, Regionrådet	HFK, NHIL, Osterøy Industrilag, Bergensalliansen, Næringsalliansen
4.2 Samla framlegg til regional transportplan	Kommunane, Regionrådet	HFK, NHIL, Osterøy Industrilag
4.3 Forbetre mobil- og breibanddekninga	Regionrådet, kommunane	Mobil- og breibandselskapa, BRB, HFK, Næringsalliansen, stortingspolitikarar
4.4 Bidra til balansert vurdering av rekkefølgekrav i distrikta	Regionrådet, kommunane	HFK, SVV, BRB, NHIL, Osterøy Industrilag
4.5 Infrastruktur som tema i den interkommunale næringsarealplanen	NUI	Nabokommunar
4.6 Arbeide for innfartsparkering opp mot hovudtraséar for buss	Regionrådet, kommunane	HFK, SVV
4.7 Arbeide for å sikre og utvide rutebåttilbodet Bergen – Frekhaug – Knarvik	Regionrådet, Meland og Lindås kommune	HFK, Bergen kommune
4.8 Arbeide for å sikre ferjesambandet Breistein - Valestrand	Regionrådet, Osterøy kommune, regionrådet	HFK, Bergen kommune
4.9 Arbeide for auka frekvens og meir stabilt ferjesamband Leirvåg - Sløvåg	Regionrådet, Austrheim, Gulen	HFK, NHIL
4.10 Arbeidet for realisering av Masfjordsambandet	Regionrådet, Masfjorden, Gulen	HFK
4.11 Arbeide for realisering av Sambandet vest	Sambandet vest AS	Austrheim, Radøy, Meland, Lindås, Askøy, NUI, eigarverksemdar, HFK, SVV

5 OMDØMME

Omdømme for Nordhordland handlar i første rekkje om samanhengen mellom korleis regionen ønskjer å framstå, og korleis staden vert oppfatta av omgjevnaden. Å skape eit godt omdømme krev samarbeid over tid, for å synleggjere og spisse dei kvalitetane som er i regionen. Omdømme har betydning for rekruttering av arbeidskraft, etablering av verksemder, busetting og besøkande til regionen.

Omdømme handlar om både fysisk utforming og identitetsskapande faktorar. Estetikk og funksjonalitet er viktig for korleis andre opplever å kome til regionen. Korleis opplever andre vårt regionsenter Knarvik? Korleis er tettstadene? Kvar er møteplassane? Kva ser ein når ein kjører forbi? Kva kan ein oppleve om ein stikk innom? Samstundes vert identiteten framheva ved kva type kvalitet Nordhordland har i tilboda sine, kva lokale arrangement ein har høyrte om, og ikkje minst kva medieomtale regionen har. Det er såleis viktig å synleggjere den nyskapparolla regionen ønskjer å ta grep om, i høve attraktive bustader og arbeidsplassar.

Eit godt døme på omdømmebygging i Nordhordlandsregionen i dag er «Biosfæreprosjektet». Biosfæreprosjektet er med på å bygge eit viktig, og kanskje nytt omdømme for regionen. Fokus på berekraftig ressursutnytting som grunnlag for vidare utvikling er innovativt, og er med på å fremje identiteten som Nordhordland har.

Mål :

- Nordhordland skal vere kjend for at det er godt å bu, arbeide og drive verksemd i regionen.

Strategiar for å nå målet:

- Få fram eit truverdig og positivt bilde av Nordhordland
- Vise at Nordhordland er ein region der det er godt å leve og bu
- Målrette satsinga for å rekruttere kompetent arbeidskraft
- Vise at det er attraktivt å etablere og drive verksemd i Nordhordland
- Prioritere eit sett med gode og reelle historier frå regionen
- Bygge opp under regional identitet

Tabell 5. Omdømme - handlingsplan 2016-2017

Nr	Tiltak	Ansvar	Samarbeidspartar
5.1	Etablere kommunikasjonsplattform for å sikre heilskapleg kommunikasjon frå Region Nordhordland	NUI, BRB	Kommunane, utviklingsaktørane
5.2	Felles presentasjonsmateriell	NUI, BRB	Kommunane
5.3	Identifisere gode historier frå regionen	NUI, BRB	Kommunane, utviklingsaktørane
5.4	Kommunisere ut Region Nordhordland	Kommunane	NUI, utviklingsaktørane

VEGEN VIDARE

Nærings- og samfunnsplanen er eit fundament for korleis Nordhordlandsregionen skal gå saman inn i framtida. Det er mykje som er usikkert, resultat av kommunereforma og bompengepakken er døme på aktuelle saker i 2015. Det som er sikkert er at Nordhordland også i framtida vil ha eit fortrinn ved å vere del av ein stor vekstregion på Vestlandet og i Norge. Folketalet vil auke, og det er gode utsikter til eit sterkt næringsliv og attraktive bumiljø.

Planen gir ein felles overbygning for utviklingsarbeidet. Planen skal nyttast av kommunane og Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) i vidare nærings- og samfunnsutviklingsarbeid. NUI har ei viktig rolle som samarbeidsorgan for felles innsats på ei rekke felt. Kommunane står som ansvarleg for å få gjennomført ein stor del av tiltaka i planen. Av desse er det rådmennene som har ansvar for dei fleste, medan noko er politisk arbeid.

Regionstankegangen er ein føresetnad for å nå måla. Det som gagnar regionen det gagnar kommunane med innbyggjarar og næringsliv.

GJENNOMFØRING AV HANDLINGSPLANEN

Handlingsplanen skal rullerast annakvart år. Det er NUI som får ansvaret for å rullere handlingsplanen i samarbeid med kommunane. Nye tiltak vil verte aktuelle, og gjennomføring for kvar periode skal evaluerast som ein del av arbeidet med rullering av handlingsplanen.

Nokre av tiltaka i handlingsplanen er nye tiltak, andre er del av arbeid som er i gang. Tiltaka treng konkretisering i forhold til ansvarstilhøve, korleis arbeidet skal løysast, tidsplan og ressursar. Alle tiltaka skal startast opp i perioden 2016-2017, og mange tiltak vil gå over lenger tid enn denne perioden. Den ansvarlege for kvart tiltak skal rapporterte årleg til NUI, som legg rapporten fram for Regionrådet.

I tabell 6-8 er alle tiltaka i planen sett saman og fordelt på NUI, rådmennene og politikarane. Her går det fram om tiltaket er eit nytt prosjekt, eller om det er del av pågåande arbeid. Tabellane inneheld og nokre stikkord om korleis tiltaket er tenkt løyst der dette er relevant.

Tabell 6. NUI sitt ansvar

Nr	Tiltak	Pågåande/ Nye tiltak	Merknad
1.2	Utarbeide interkommunal næringsarealplan	N	Krev kapasitet hjå NUI, deltaking frå fagavdelingane i kommunane, midlar til konsulenthjelp. Bør etablere styringsgruppe.
1.3	Styrke felles næringsfond	N	Krev kapasitet hjå NUI, samarbeidsvilje om dei kommunale fonda og andre sponsorar. Bør opprette eit prosjekt med leiar, arbeids- og styringsgruppe.
2.1	Arrangere forretningsidé-konkurranse	P	Arbeidsgruppe frå Team Nordhordland, samarbeid med Partnarskapen, og lokale sponsorar
2.2	Forsterke møteplassane for gründerar	P/N	Ansvar til inkubator / næringshagar. Krev finansiering
2.3	Profilering av gründerar i regionen	P	Krev ressurs til koordinering og samarbeid mellom kommunane, og næringsaktørane
2.5	Arbeide for etablering av mentorordning	P	Ansvar til inkubator / næringshagar
2.6	Samordning av rettleiarapparatet i Nordhordland	P/N	Krev ressurs til koordinering og finansiering
4.5	Infrastruktur som tema i den interkommunale næringsarealplanen	N	Som 1.2

5.1	Etablere kommunikasjonsplattform for å sikre heilskapleg kommunikasjon frå Region Nordhordland	N	Krev ressursar og koordinering med BRB
5.2	Felles presentasjonsmaterieill	N	Krev ressurs og finansiering
5.3	Identifisere gode historier frå regionen	N	Krev ressurs til koordinering

Tabell 7. Rådmennene sitt ansvar

Nr	Tiltak	Pågåande/ Nye tiltak	Merknad
1.1	Samle og styrke dei kommunale næringsressursane til Nordhordland utviklingsselskap	N	Felles lokalisering til NUI, opprette ny stilling, budsjett
1.4	Støtte utviklingsprosjekt i landbruket	N/P	Krev kapasitet på landbrukskontora, og tilskotsmidlar i budsjett
1.5	Styrke arbeidet i Nordhordland digitalt for eit samordna tenestetilbod knytt til plan- og søknadsprosessar	N	Krev auke av dagens ½ stilling til heil stilling (budsjett)
1.6	Tilpasse ressursar, rutinar og arbeidsmetodar for å møte krava til kommunal plan- og byggesaksbehandling	N/P	Krev auke i kapasitet på plan- og byggesaksbehandlinga (budsjett/vurdere gebyrnivå) og klare mål / mandat
1.7	Forsterke det interkommunale tverrsektorielle nettverket på plan og næring. Etablere faste møtepunkt.	N	Organisere nettverk der fagavdelingar på plan og næring møtes. Organisere møtestruktur. Avklare mandat og tema.
1.8	Arrangere faste møtepunkt mellom plan/næring i kommunane og utviklingsaktørane i regionen	N	Organisere samlingar og møtestruktur. Avklare roller, mandat, tema.
2.4	Skape innovative kommunar innan velferdsteknologi	P	
3.1	Sikre og utvikle rekreasjonsområde nær tettstadane	N/P	Ta inn i kommunane sine planstrategiar
3.2	Tilretteleggje for friluftslivsbruk av sjøområda	N/P	Ta inn i kommunane sine planstrategiar
3.3	Legge til rette for å oppretthalde busetnad i bygdene	N/P	Overordna arealplanlegging
3.4	Samla innspel til regionale planar	N	Organisere samarbeid på tvers av kommunane, sette ned arbeidsutval, avklare roller og mandat
3.5	Stimulere til samarbeid mellom aktørane i tettstadane	N	Krev auka kapasitet innan samfunnsutvikling (budsjett)
4.1	Samla framlegg til nasjonal transportplan	N	Organisere samarbeid på tvers av kommunane, sette ned arbeidsutval, avklare roller og mandat
4.2	Samla framlegg til regional transportplan	N	Organisere samarbeid på tvers av kommunane, sette ned arbeidsutval, avklare roller og mandat

Tabell 8. Politisk initiativ

Nr	Tiltak	Pågåande/ Nye tiltak	Merknad
4.3	Forbetre mobil- og breibanddekninga	P	
4.4	Bidra til balansert vurdering av rekkefølgekrev i distrikta	P	Prosjekt pågår i regi av BRB
4.6	Arbeide for innfartsparkering opp mot hovudtraséar for buss	N	
4.7	Arbeide for å sikre og utvide rutebåttilbodet Bergen – Frekhaug – Knarvik	P	
4.8	Arbeide for å sikre ferjesambandet Breistein - Valestrand	P	
4.9	Arbeide for auka frekvens og meir stabilt ferjesamband Leirvåg - Sløvåg	P	
4.10	Arbeidet for realisering av Masfjordsambandet	P	
4.11	Arbeide for realisering av Sambandet vest	P	
5.4	Kommunisere ut Region Nordhordland	N	"Snakke opp" regionen

Forkortingar

BOF	Bergen og omland friluftsråd
BRB	Business Region Bergen
FM	Fylkesmannen i Hordaland
HFK	Hordaland fylkeskommune
IN	Innovasjon Norge
NHIL	Nordhordland handverk- og industrilad
NUI	Nordhordland utviklingselskap IKS
SVV	Statens vegvesen